

Møtebok Fjordvegen Riksveg 13 - Stavanger

Styremøte 21.10.2024 kl 16.00-17.00

Deltakarar: Marta Sofie Vange, Anita Husøy Riskedal,
Olav Lindseth, Kristoffer Amdal.
Vara: Roy Egil Stadheim, Samson Hamre, Vebjørn M. Solli

Sekretariatet: Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Sak 40/24 Godkjenning av referat frå styremøtet digitalt 23.09.24, samt innkalling og sakliste

Møteinnkalling og referat er godkjent.

Sak 41/24 Orienteringar. Ny dagleg leiar

Trude Rinaldo orienterte:

Anne Iren Myrheim er tilsett som dagleg leiar i Hardangerrådet med funksjon og for Fjordvegen Riksveg 13 som del av stillinga.

Trude Rinaldo held fram t.o.m. mars 2025.

Sak 42/24 Styretur 21.-23.10.2024 – orientering om detaljar

Hanne Sundbø orienterte.

Program for styretur vart kort gjennomgått samt faste deltakarar i bussen frå styret, Nye veier, Statens vegvesen og Nasjonal rassikringsgruppe.

Påmeldt deltaking på dei sju medlemsmøta: Det er kontakta og purra mange medlem for å få eit breidt og variert frammøte. Vanskelegast pga møtekollisjonar med Vestland fylkeskommune.

Agenda for medlemsmøta:

Her blir dei to fagetatane gitt plass samt mest tid til dialog med medlemma. Det er gitt fagetatane beskjed om gode kart og lokal tilpasning på møta.

Det blir vektlagt at tema i utgangspunktet blir konsentrert om rassikring og utbetring.

Alle møta varer mellom 1 time 15 minutt og 1 ½ time, og køyreplanen må haldast.

Det skal skrivast grundige referat.

Praktiske tilhøve blei drøfta:

Planlagte stopp undervegs blir etter rest tid, konkretisering i prosjekt og ver/mørke. Lydanlegg vil bli brukt for guiding og orientering i bussen

Signal er gitt til fagetatane som og deler ut gode kart til deltakarane i bussen.

Presse påmeldt: Kun Suldalsposten.

Trude Rinaldo / Hanne Sundbø /s./
ref.